

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Fleså

Emne: Ljynging og mosing

Bygdelag: Bygdi og Refsbygd

Oppskr. av: Johs. Kjølvik

Gard: Kjælvik

(adresse): Vallandsvåg

G.nr. 17 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

I. Ljynging.

a. Ljyng vart banka. Det er slutt med å skjera ljyng til for her i heradet. Det vart ikkje brukt no under siste storling heller. Det har ikkje vore nemnande ljyngskjering etter 1920, og hadde minna sterkt av fyre den tid også. Men det var allmennt brukt til over hundratalårs skiftet. Som svogter (eg er fødd 1899) minnest eg godt at folk brukte å ljynga. Ogso far ljynga og nytta ljyngen som hjelpetar til kyrne. Men han skar ikkje ljyng årvisst. Og so vidt eg minnest vart det ikkje skore ljyng heime etter 1915-16.

Ljynging vart mest nytta av husmenn og småbrukarar. Og dei banka årvisst. Hadde gjerne ein hilt sta med ljyng. Her på garden Kjælvik (eg er fødd og oppvaksen på grannegarden Bjørklund.) var det ikkje vanleg å ljynga, her brukte dei skav istaden avdi her var so rik markaskog. Men husmennene under garden



(5-6 stk.) der lymga. I festsellane  
dura var det like skilord um rett  
til lymgskjering i gardens utmark.

2. Lymgen vart helst banka  
um hausten. Ein gamm finaste  
lymgen da, grøn og smakleg. Pelles  
vart det og skore lymg utover i  
keren og varen, um marki var  
snoberr til det. Arbeidet kalla  
ein å lymga (lörigja) og lymg-  
skjering.

3. Her i bygdelagi vart berre  
nytta sigd, vanleg kornsigd  
til å skjera lymgen med.

4. Det mest vanlege var at kvinn-  
folki gjekk på lymgskjering.

5. Det var ikkje nokon fast  
regel. Ein banka der lymgen var  
fin.

6. Skoren lymg vart lagd, fengja  
og lagd på bōratog og før det meste  
boren heim. På større bruk var  
vanleg å bera fram til vegar og <sup>bōrene</sup> <sup>og</sup>  
lagde på slede og kōyode heim til  
gard med hest.

7. Lymgen vart lagra i lōta. Ein  
måtte passa på at lymgen ikkje tørka  
og visna formykje, men held seg grøn  
og fin lengst mogleg. Han måtte  
leggjast godt i sta og ikkje tinnut  
og slurve utover golvet. Oppå lymg  
staur la ein dekk vyrke, einstape  
haum o. l.

8. Her i bygdelagi vart lymgen  
godt som berre nytta til storfeet.



Rein gav gjerne eit mæktid med  
 berre lypng. Lypngen vart ikkje  
 hakka.

10. Lypngen vart rekna som godt for.

B. Lypng som bite

Kring i bygdaane her var det  
 berre smæfett; smalen - som  
 leita lypng ute. Ein skilde få gardar  
 som <sup>atte</sup> lypngmark nær bøs garden brukte  
 jaga storfett på lypngen utover høist  
 en når høstet tok slutt og veret  
 tilskode det. Likveins im vårer når  
 forløyse var streng.

Lypngbittet er rekna som verdfullt  
 til sårer.

II. Mosing.

Mosesanking er ukjent her.